



vatn frå fjell til fjord



Til
Hordaland Vassregionutval

Innkalling til møte i Hordaland Vassregionutval 6. oktober 2015

Dato: Torsdag 6. oktober
Kl 13.00 - 15.35 (lunsj fra kl 1200)
Stad: Møterom Sunnhordland, Hordaland fylkeskommune, Bergen

Målgruppe: medlemmar av vassregionutvalet og evnt administrative kontaktpersonar. Forutan statlege sektormynde er kvar kommune i vassregionen representert i VRU.

Dagsorden

12.00	Lunsj
13.00	Deputasjonar (BKK)
13.30	Møtestart Vassregionutvalet
13.40	Oppsummering av fråsegn 2. gongs høyring av Regional plan for Vassregion Hordaland
14.00	Handsaming av høyringsdokument før oversending til politisk handsaming i kultur- og ressursutvalet (KURE) og fylkesutvalet av: <ol style="list-style-type: none">1. Framlegg til Handlingsprogram 2016-2018, Regional plan for Vassregion Hordaland2. Regional plan for Vassregion Hordaland 2016 – 20213. Tiltaksprogram for Vassregion Hordaland 2016-2021
15.15	Ymse
15.30	Avslutning

Sakspapir ligg som vedlegg her. Sakspapir blir sendt ut til dei påmeldte og lagt ut på
<http://vannportalen.no/vannregioner/hordaland/vru-mote-6.-oktober-2015/>

Kontaktperson for møtet:

Sølve Søndbø; seniorrådgjevar, Regionalavdelinga | Klima- og naturressursseksjonen
Tlf: 55 37 80 01 | Mob: 900 75 325

Vedlegg (sjå <http://vannportalen.no/vannregioner/hordaland/vru-mote-6.-oktober-2015/>)

1. Høyringsrapport til regional plan for Vassregion Hordaland, oppsummering av fråsegn
2. gongs høyring
2. Framlegg til handlingsprogram 2016-2018
3. Regional plan for Vassregion Hordaland
4. Tiltaksprogram for Vassregion Hordaland

Sak 6/15 Høyringsrapporten til Regional plan for Vassregion Hordaland Orientering

Det kom inn totalt 21 fråsegn til 2. gongs avgrensa høyring av planen. Fråsegnene kom fra 8 kommunar, 7 fra næringsliv og 6 statlege sektormyndigheter. Alle fråsegnene ligg på vannportalen.no <http://vannportalen.no/vannregioner/hordaland/frasegn-til-2.gongs-hoyring-regional-plan-for-hordaland-vassregion/>

Innspela er i dei kommunale tilfella gitt i form av politiske vedtak med tilhøyrande saksutgreiing. Alle vedtakspunkta er kome med i tabellane under. Der innspel er for utfyllande er link til fullstendig dokumentasjon lagt ved.

Der forslaga har ført til endringar i planutkastet, vil dette stå i tredje kolonne under Merknad/oppfølging, slik at ein lett skal kunne sjå kva forslag som har ført til endring. Kven som tek avgjerd om endring vil òg stå her. Om ikkje anna er spesifisert er det fylkeskommunen som er vedtakshavar. I siste rad i tabellane, kalla Tilråding, vil det enten stå «Innspelet er notert, men fører ikkje til endringar i planen»; eller «Innspelet er notert, og fører til endringar i planen».

Dei mest omfattande og konkrete forslag til endringar kom frå vassdragsregulantane og Energi Norge. Det er også i forhold til vassdrag dei største endringane no kjem i planen.

I etterkant av 2. gongs høyring har vassregionmyndighetene gått inn i bakgrunnen for prioritering av vassdrag for revisjon i den nasjonale rapporten. Vassregionmyndiheten vurderar det no slik at dei nasjonalt prioriterte vassdraga i rapport 49/2013 som tema «landskap/friluftsliv» utelates må nedprioriterast av formelle grunnar. Det kan vere gode grunnar til at vassdraga er i nasjonal prioritettingsgruppe 1.1 (topp prioritert), men vassforskrifta har vassøkologi og rent vatn som hovudformål. 3 vassdrag i nasjonal prioritering 1.1 får no regional prioritering 1.2. Brukarinteresse kan vere støtteparametre, men ikkje viktigaste parameter for å gjere konfliktfylte tiltak.

Det er mange andre innspel om konkrete vassførekommstar og planen er endra i høve til høyringsutgåva. Høyringsrapporten gir samlar alle fråsegn og gjer greie for korleis dei er tatt omsyn til.

Konsesjon	Nasjonal prioritet	Vassområde prioritet 1. høyring	Vassregion prioritet 2. høyring	Vassregion prioritet oktober 15
Eidfjordvassdraget	1.1	1.1	1.1	1.1
Sørelva (Litledalsvassdraget)	1.1	1.1	1.1	1.1
Matrevassdraget	1.1	1.1	1.1	1.1
Maurangervassdraget	1.1	1.1	1.1	1.2
Tysso i Odda	1.1	1.1	1.1	1.2
Blådalsvassdraget	1.1	1.1	1.1	1.2
Bergsdalsvassdraget (Daleelva)	1.2	1.1	1.2	1.2
Steinsland- Modalsvassdraget	1.2	1.2	1.2	1.2
Eksingedalsvassdraget	1.2	1.1	1.1	1.1
Teigdalselva	1.2	1.1	1.1	1.1
Gaupåsvassdraget	x	1.1	2.2	2.2
Vaksdalsvassdraget				2.2. Bør vurderast ved nye søknader i vassdraget
	x	1.1	2.2	

Tabell *Tilrådd vilkårsrevisjon med krav om minstevassføring/magasinrestriksjonar i første planperiode (2016-2021). Merk endra regionale prioriteringar mellom 2. høyring og siste innstilling for Blådalsvassdraget, Maurangervassdraget og Tysso.*

Vedlegg 1: Høyringsrapport for Regional plan for vassregion Hordaland etter 2. gongs offentleg høyring

Framlegg til vedtak

1. **Høyringsrapport for *Regional plan for Vassregion Hordaland 2016-2021*** takast til orientering med dei merknadar som er kome fram på møtet.

Sak 7/15 Handsaming av handlingsprogram 2016 – 2018

Plan- og bygningslova § 8-1 pålegg at det til alle regionale planar skal følgje med eit vedteke handlingsprogram. Det er fylkestinget som vedtek handlingsprogrammet som ein del av den regionale planen. Fylkestinget har òg ansvar for å ta handlingsprogrammet opp til ei årleg rullering. Ved denne rulleringa fornyas inngåtte avtalar med andre regionale og kommunale aktørar om gjennomføringa av planen.

Handlingsprogrammet viser kva oppfølging planen krev og utpeikar ansvarleg organ og samarbeidspartnarar for gjennomføring av planen. Det er òg utpeika kvar ressursbehovet ligg. Arbeidsfordelinga kjem fram av tabellen på side 4-6. Oppgåvene er ikkje liste etter prioritert rekkefølgje. Handlingsprogrammet fokuserer på sjølve planprosessen, og inkluderer ikkje tiltak etter det regionale tiltaksprogrammet.

Under høyringa var det berre Fylkesmannen som hadde merknader til handlingsprogrammet. Dei tre merknadene frå Fylkesmannen er innarbeid i handlingsprogrammet, som elles er uendra frå høyringsutgåva.

Vedlegg 2: Handlingsprogram 2016-2018

Framlegg til vedtak:

1. **Handlingsprogram for *Regional plan for Vassregion Hordaland 2016-2018* takast til orientering med dei merknadar som er kome fram på møtet.**
2. **Handlingsprogrammet sendast til politisk handsaming med sikte på handsaming i Fylkestinget 8.-9. desember. Saka går til KURE og Fylkesutvalet før Fylkestinget.**

Sak 8/15 Regional plan for Vassregion Hordaland

Planen var på 2. gongs avgrensa høyring til 20. september.

Saksgang for planen framover er:

Handsaming i VRU	6. oktober
Frist sakspapir til fylkesrådmannen	22. oktober
Innstilling i Kultur og ressursutvalet	12. november
Innstilling i Fylkesutvalet	18-19. november
Vedtak i Fylkestinget	8-9. desember
Oversending til regjeringa av forvaltningsplan. (handlingsprogram og tiltaksprogram blir ferdig vedteke i fylkestinget).	Medio desember 2015
Godkjenning i regjering og rapportering til ESA	Vår 2016

Administrasjonen har laga forslag til justering av planen når det gjeld miljømål og verknad for vassdrag m.v.

Det endelige planframlegget hausten 2015 til politisk handsaming av den regionale planen og tiltaksprogrammet vil vere noko meir oppdaterte med kart, statistik, språk og lay-out. Pga svært kort tidsperiode frå høyringsfrist til saksdokument er ikkje planen helt oppdatert med kart, samanstilling og figurar frå Vann-Nett. Dette vil administrasjonen arbeide med framover til saka skal til politisk handsaming.

Endringar sidan høyringsutgåva inkluderer blant anna dette:

Fråsegn frå høyringa er innarbeida, sjå omfattande oppsummering av fråsegn og vurdering.

Miljømåla for sterkt modifiserte vassførekommstar er konkretisert i tråd med rettleiing frå Miljødirektoratet og NVE. Alle vassførekommstar i Hordaland som er SMVF og derfor ikkje når ordinære miljømål har fått eit konkretisert miljømål. Framlegget til konkretisering av miljømål er utarbeida av NVE og Fylkesmannen i samarbeid.

Det er gitt utsett frist for å nå miljømålet i mange nye vassførekommstar inkludert

- Alle som er aktuelle for revisjon av konsesjonsvilkår
- Vassførekommstar med forureina sjøbotn (miljøgiftar i sedimentane)
- Vassdrag påverka av lakslus og/eller rømt oppdrettsfisk. Påverknad er satt til udefinert da karakterisinga ikkje er ferdig.
- Utsatt frist der ansvarleg myndighet har bedt og det, og der det er heimel for det i regelverket.

Høyringa og konsulentrapport frå Norconsult om regionale prioriteringar av vasskraftkonsesjonar har gitt endra miljømål og endra tiltak. Dei faglege vurderingane i Norconsult-rapporten er innarbeida i det reviderte nye framlegget. Det er 3 færre innspel om revisjon/innkalling til konsesjonshandsaming i dette framlegget enn i det som var på høyring i 2014.

Alle tiltak er gått gjennom på nytt, og tiltakstabellane er oppdatert. Justeringar av vassførekomstar har gitt justeringar av tiltak og miljømål.

Framlegg til vedtak:

- 1. Framlegget *Regional plan for Vassregion Hordaland 2016-2018* takast til orientering med dei merknadar som er kome fram på møtet.**
- 2. Planframlegget sendast til politisk handsaming med sikte på handsaming i Fylkestinget 8.-9. desember. Saka går til KURE og Fylkesutvalet før Fylkestinget.**
- 3. Administrasjonen kan gjere forbetringer av plan på språk og presentasjon fram til politisk handsaming.**

Vedlegg:

3. Regional plan for Vassregion Hordaland

Sak 9/15 Framlegg til tiltaksprogram for Vassregion Hordaland

Administrasjonen har laga forslag til justering av planen når det gjeld reviderte tiltak i vassførekommstar i Hordaland

Det endelige planframlegget hausten 2014 vil vere oppdatering av heile den regionale planen og tiltaksprogrammet med oppdaterte kart, statistikk og innspel frå høyringa.

Endringar sidan høyringsutgåva inkluderer blant anna dette:

Fråsegn frå høyringa er innarbeida, sjå omfattande høyringsrapport med oppsummering av fråsegn og vurdering.

Miljømåla for sterkt modifiserte vassførekommstar er konkretisert i tråd med rettleiing frå Miljødirektoratet og NVE. Alle vassførekommstar i Hordaland som er SMVF og derfor ikkje når ordinære miljømål har fått eit konkretisert miljømål.

Det er gitt utsett frist for å nå miljømålet i mange nye vassførekommstar inkludert

- Alle som er aktuelle for revisjon av konsesjonsvilkår
- Vassførekommstar med forureina sjøbotn (miljøgiftar i sedimentane)
- Vassdrag påverka av lakselus og/eller rømt oppdrettsfisk. Påverknad er satt til udefinert da karakterisinga ikkje er ferdig.
- Utsatt frist der ansvarleg myndighet har bedt og det, og der det er heimel for det i regelverket.

Det er 3 færre innspel om revisjon/innkalling til konsesjonshandsaming i dette framlegget enn i det som var på høyring i 2014.

Alle tiltak er gått gjennom på nytt, og tiltakstabellane er oppdatert. Justeringar av vassførekommstar har gitt justeringar av tiltak og miljømål.

Vedlegg:

Tiltaksprogram for Vassregion Hordaland

Framlegg til vedtak:

1. **Framlegget *Tiltaksprogram for Vassregion Hordaland 2016-2018* takast til orientering med dei merknadar som er kome fram på møtet..**
2. **Planframlegget sendast til politisk handsaming med sikte på handsaming i Fylkestinget 8.-9. desember. Saka går til KURE og Fylkesutvalet før Fylkestinget.**
3. **Administrasjonen kan gjere forbetringer av plan på språk og presentasjon fram til politisk handsaming.**

Sak 10/15 Eventuelt